

sidan til *a*: g.norsk *svaradi* vert *svarac*, sidan *svara*. I tingordi fell genitiv eller eigeformi ofte burt: *enden paa hornit* (g.norsk: *endi hornsins*). — Mange bøygningsendingar i adjektiv og verb fell burt. — Nye former kjem fram, t. d. *egh*, *ickie*, g.norsk: *ek*, *ekki*. — I den sudvestlege luten av landet finn me tidleg klangfør konsonant i staden for den vanlege norske klanglause: *kertistiggæ* (Ryfylke 1366) for g.norsk *kertistikar* (d. e. ljosestakar); paa den kanten av landet er soleis denne yvergangen gamall og ikkje innkomen med dansk.

Paa *Færøyarne* fylgde maalføri ei tid same stemna som i Norig. Men *Færøymalet* gjekk ikkje heilt fram til nynorsk, og er enno nærast millomnorsk. *Hjalltland* og *Orknøyarne* heldt fylgje heilt inn i nynorsken. Paa *Sudcrøyarne* doyde norsken ut umkr. 1400; paa *Grønland* umkr 1450.

Her er nokre prøver fraa millomnorsk tid:

Norsk rikksmaal (1386): *Wer vilom at þær vitir at wer hafuom tekitt Evinth a Ottarsio kona hans oc barn hion hans oc varnadh godz hans allt bæthe laust oc fast som han aa eller eigande værdær j minna lut eller mætra j hworio som huort er, loflighe j gudes waldh vara wærdh oc konongligt traust.*

Umsetjing: Me vil at de (skal) vita, at me hev teke Øyvind paa Ottarsjø, kona hans og borni (hans), husfolki hans og egedomen (hans og) alt hans gods baade laust og fast, som han eig eller vert eigande i smaatt eller stort i kva det er, lofleg i guds vald, vaar vern og kongelege verja. (Kongebrev fraa Olav Haakonsson).

Norsk rikksmaal (1449): *Item lofuom wer þæt at efter vart frafall scall Noreghis rike oc inbyggjare hafua sit fri kor at kjosa þeim þen till þeira herra oc konung sem þem tykkær at Noreghe er bæst meðh belatit ettan wer hafuom efter oss lifuandis ein ekta son sem þer till kan verthia fallen.*

Umsetjing: Sameleis lovar me det, at etter vaart fraufall skal Norigs rike og innbyggjarar hava sitt frie val til aa kjosa (d. e. velja) seg den til deira herre, som dei tykkjer at Norig er